

NORSK ETNOLOGISK GRANSKING

Emnenr. 64

Fylke: Rogaland

Tilleggsspørsmål nr.

Herad: Bjerkreim

Emne: Död og begravelse

Bygdelag: Nedre bygda.

Oppskr. av: Jörgen Skjæveland

Gard:

(adresse): Vikeså

G.nr.

Br.nr.

A. Merk av om oppskrifta er etter eiga røynsle.

B. Eller om den er etter andre heimelsmenn: (ta også med alder, heimstad, yrke):

Anne Skjæveland, Hetland Bjerkreim f. 1871

SVAR

Död og begravelse.

Dödsvarsler.

1. Ymse förebod: Når kattugla sette seg attmed^{x)}huset og skreik, var der ein som var feig. Når det smell kvast i husveggen, når dei såg lys ute på myra (lyktamann), når dei höyrde gravsølmar i bekk og foss, når det song i saga at likkistesnikkeren, då var ein feig. Dei såg drivande likkister på sjö og vatn og höyrde det skreik om hjelp ei tid före ein skulle drukna. Eller når det hende noko unaturleg t.d. ein fugl sette seg på hovudet på ein, var han feig. Uvanleg snille born måtte snart döy, dei var for snille til å leva i denne syndige verda. Når ein feig såg oppi gongkjeret, slutta ölet å gå.
2. Når ein menn gjekk framom glaset at grannen julaftan og han såg inn då dei sat der inne og at julegraute, såg han då nokon som sat hovudlaus og at, då skulle den hovudause döy för neste jul.
3. Kjetil Netland, som döydde i 1876, såg i förevegen at ei kona skulle verta drepen av ein stut, han såg at han sjölv kom til å drukna.

5. Me har høyrte gjete "feigdarlus", men veit lite om henne.

6. Ein var feig når det var noko han apsolutt måtte gjera ferdig, t.d. skjera ferdig ein åker om han måtte stå og skjera til langt på natt. Når ein sjuk åt uvanleg mykje var han feig. Gamle segner syner at dei ~~var~~ trudde at det var bestemt i förevegen når ein skulle drukna. Ein mann ville og måtte plent utpå isen ein kveld. Kona gret og bad han ikkje gå for isen var ikkje sterk. Då vart han reint rasande så dei måtte stengja han inne. No vart han ~~sa~~ reint galen. Kona sprang då ned til vatnet etter noko vatn til han så han fekk drikka. Då roa han seg, men då døydde han og.

7. Døyande folk låg som regel inne i daglegstova for det var den einaste stova i huset som hadde omn.

10-11. Dei henta presten og let den sjuke få nattverd. Presten song og tala, den sjuke hadde skriftemål og fekk avlöysing före nattverden.

12. No er det sume som heller vil få skrifta og få tröyst^{ing} av emisærarar og andre lekmenn.

13. Sume døyande bestemte korleis likferda skulle vera.

Tida mellom dödsfallet og gravferda.

14. I älmen tale så dei: Han hev' døytt - han er ikkje meir - han er ende på - han er borte. Imeir religiös tale sa dei: Han hev' vandra - han hev' flytt heim - Gud hev' teke han til seg - nå hev' han fenge freden.

15. Me veit om ~~ei~~ ei som var skinndöd. Dei bar henne ut, stelte henne og la henne i buæ, men så vakna ho opp att og levde mange år etter.

17-18. Mynt på augo kjenner me ikkje til, men dei sette

ei salmebok på ende under haka på den döde.

19. Dei sende bod til næraste grannane straks för han döydde. Så stod dei alle kring senga med' han döydde.

20. Det var gjerne kona i huset, tenestgjenta eller ein stor unge som sende bod til grannane.

22. Sidan vaska dei senga etter den döde og helst heile stova. Då vélte dei om til likferda.

23. Så snart som råd var bar dei den döde ut.

24. Dei la han i buæ (den andre, kalde stova) på benkja-logjæ, d.e. loket på omnskråbenken. Dei hadde ikkje halm under, men la han på ein kvetel (ullteppe).

26. Dei sa ikkje "likstrå".

27-28. Dei brende sengehalmen etter den döde, men ikkje klede. Dei hadde ikkje råd til slikt.

30. Så snart dei fekk tak i kista og likklede, vart den döde budde. Det var gjerne eit par dagar etter döden, eller fleire.

31. Det var eit par av grannefolka, gjerne mann og kona som budde liket. Husfolka var ikkje med på dette.

32. Liket låg i underklede og sokkar, mannfolka i underbuksa, kvinnene i understakken.

33-36. Så vaska dei liket, greidde håret, klipte neglene og skjegget på mennene. Så la dei hendene åt den döde saman oppå likklede. Då dei var ferdige, vaska dei hendene og fekk så mat.

28. Dette kalla dei å bu liket, dei budde han, han låg budde i buæ, sa dei.

29. Likklede heitte likklede.

40. Lakenet var så stort at det dekte frå fötene og over hovudet.

41. Me kjenner til eitt tilfelle at liket låg i brude-

krans. Det var eit lite gjentebarn på Lakssvela. Ho var pynta med ein brudekrans ei brud i slekta hadde hatt om hovedet, ein blomekrans frå öyra til öyra over hovedet.

42. Dei døde låg i underklede både före og etter dei var budde.

44. Likkleda var vel av kvitt bomullsty.

45. Fötene viste ikkje.

46. Liket hadde som nemnd sokkar, men ikkje skor.

47. Dei hadde ikkje noko på hovedet.

48. Det var visstnok ikkje noko skjel på klede åt gamal og ung, heller ikkje åt barselkoner.

50. Dei som hadde råd til det hadde blonder på klede.

51. ^v I allfall i 1880 åra kjøpte dei ferdige likklede.

52. No vert det kjøpt ferdige likklede og dei er ofte av papir, serleg i krigstida var dei det.

53. Likkleda kallar me ikkje svöp.

58. I eldre tid hadde mange kista stående ferdige, sume arbeidde seg sjölv gode kister av eikeal og gjorde dei så tette og sterke dei kunne. Mange hadde material ~~til~~ til kista liggjande på lager.

59. I allfall i mannsminne har dei ikkje brukt trenaglar, men dei spikra på loket.

60. Der var visst stropper i kista.

61. Snikrar i bygda laga til kistene på bestilling.

62. Ho var svart, men ikkje måla med vanleg oljemåling.

63. Kring 1920-25 tok dei til å bruka kvite kister.

64. Dei hadde ikkje opning i loket.

65. Til underlag i kista brukte dei hövlespöner, kanskje halm i eldre tid.

66. I puta hadde dei og hövlespöner/eller halm.
67. No kjøper/dei alltid ferdige kister/i byen og dei er alltid kvitmåla.
68. Den döde fekk ikkje med seg noko i kista.
70. Dei hadde ikkje ~~no~~ ~~no~~ noko pynt på kista, bortsett frå kransane.
73. Me har höyrt om ~~dei~~ at dei la spadene i kross over grava etter gravlegginga for at den döde ikkje skulle koma att.
74. Dei hadde inga song eller andakt når dei la den döde i kista. I eldre tid, före manns minne, las dei Fadervår för dei budde liket.
75. Etter på liket var budd, fekk dei mat dei som hadde stelt det. Me kan ikkje tru at dei nokon tid har hatt fest og dans etterpå, men i eldre tid fekk dei nok öl.
76. Kista stod i buæ, liket snudde fötene mot döra. Sume sette kista på låven, men bar henne inn i buæ likferdsdagen.
77. Dei hadde inga pynting i buæ, men ~~dei~~ kledekistene let dei berre stå og alle klede let dei hanga kring ~~vegga~~ veggene, heller ikkje pynta dei i löa.
79. Her ~~är~~ bygda har dei ikkje brukt barnhytter.
86. Grannar, både vaksne, serleg eldre, og born kom for å sjå liket, og likferdsdagen gjekk likferdsfolket og såg liket.
87. Me har ikkje gravkapell.

NORSK ETNOLOGISK GRANSKING

Sorg.

89. Når det låg lik på garden måtte dei ikkje ha moro og dans på garden, heller ikkje måtte ungane skråla og springe kring huse om kveldane.

90. Men elles gjekk arbeidet sin vanlege gang hjå dei andre på garden.

91. Dei hadde ikkje ei viss syrgjetid.

92. Under syrgjetida skulle dei ikkje le og skråla og dansa. Men for lenge sidan drakk dei seg fulle.

93. I gravferda gjekk dei svartkledde både menn og kvinner.

Syngja ut liket.

98. Likferda måtte vera på ein ~~fridag~~ kvardag, minst ei ei veke etter dødsdagen.

99. I gamle dagar sa dei gravöl, så sidan "likvær" (likferd) og no seier mange begravelse.

100. Likferdsdagen stod kista i buæ. Fyrst fekk dei mat, så gjekk dei ut i buæ, liket låg i kista med loket av. Skulemeisteren i krinsen eller ein bonde song ei liksalme. Ei tid song dei or "Bertekanutta Aarsflot" Så sveipte dei liket og spikra loket på. - Det var alltid tid så ~~ei~~ uhyggeleg med dei kvasse hamraslaga. - Dei sette to brennande lys langs etter på loket. Så bar dei kista ut medan syngjaren gjekk føre og song høgt. Med same dei gjekk gjennom busdöra, måtte dei sjå på lysa kva veg logen bles. Trekte han ut etter, skulle dei snart bera ut ein til, men bles han inn/etter var det ingen i det huset som var feig. Med same lysa var komme utfor busdöra, stod der ein og passa på og tok dei av kist kisteloket med same. Så batt dei kista fast på slede

- eller kjerra. Heile tida med dei gjorde det stod han attmed og song.
108. Dei gjorde ikkje noko sers med lysa etterpå når han hadde teke dei av loket.
109. Dei brende ikkje lys natta før likferda lenger enn dei måtte sjå å stella til likferda.
- 110-111. Noko vakenatt eller gråtekoner kjenner me ikkje noko til.
114. No er det ålment at presten möter opp til likferda. Dei går meir og meir over å ha tale og song i kyrkja, og så plar ~~skulle~~ presten sume gonger fylgja heim og held då ei lita endakt-stund etter maten.
115. I 1920-1930 åra vart det skikk at presten skulle vera med i likferda.
116. I eldre tid hadde dei ingen tale, men klokkaren, skulemeisteren eller ein bonde som var/flink å syngja song. Sidan vart det skulemeisteren eller ein kristen i krinsen som talte litt.
117. Noko godnattskål kjenner me ikkje til, men i midten av fyrre hundreåret var det ei stygg drikking i gravöla.
119. Dei sterkaste mannfolka i næraste slekta bar ut liket. Mannfolka i huset var og gjerne med.
120. No er det og sterke menn i huset og næraste slekta som ber ut liket.
122. Kista skulle -og skal- alltid berast med fötene fyrst.
- 123-127. Kjenner/ikkje til dette.
128. Kvinnene fylgde ikkje lenger enn ut på tunet.
129. Alle vaksne friske mannfolk fylgde til grava, aldri born og kvinnene.

130. Kvinnene tok til å fylgja til grava då det vart alment med bilar i likferda - i 1920-1930 åra.

131. Det er nok så at til fleire som møter opp ved grava, og til fleire kransar, til meir ærefullt er det,

132-133. Dei pyntar ikkje opp på vegen til kyrkja i gamle dagar. No er det mange som pyntar med grønt oppover ytredøra og legg bar ved trappene, og dei pyntar med blomar og brennande lys ved kordøra i kyrkja.

134. Kring 1915 var det berre klokkaren og lensmannen som hadde flaggstong og enno er det mange gardar som ikkje har nokon, det er helst på sentrumsgardane dei har.

Dei heisar flagget på halv stong når det er likferd i grenda. Til kvart dei fekk flaggstong, brukar dei flagget i likferd.

136. Dei heiser ikkje flagget til topps etter jordfesting

139. Før når dei köyrde lik til grava, stanste dei ikkje ved dei gardane dei reiste framom, men dei köyrde seint.

140. Då stod gjerne ^{gardsfolka} ~~gravfolka~~ på tunet og såg på mennene med hatten i handa, Folk som var ute og reiste og trefte eit likfylgje på vegen, stanste og tok av seg hatten.

141. Syngjaren song ved kvar gard dei for framom.

142. Me veit ikkje at dei ropte når dei kom mot ein gard.

143. I eldre tid, føre det var köyrevegar, bar dei gjerne liket eit stykke, ca. 1 km., frå garden. Der sette dei kista på ein stein som fekk namnet Liksteinen. Så sette dei kista på ei bære der ein hest gjekk føre og ein etter og bar. Båra hadde skjeker i begge endane.

Sume stader måtte dei ro på vatn. Der dei sette kista i land fekk då namnet Liknes e. l. På mange gardar er det enno stadnamn på Lik- : Liknes - Liksteinen - Likberget - Liknes.^{bakken}

145. Kjerra stod på ei vanleg fjörkjerre utan noko stas og pynt.

148. Heile vegen köyrde dei seint til kyrkja, serleg framom gardane.

149. Heimatt köyrde dei mykje fortare, ofte i sprang. Men dei kappköyrde ikkje, i allfall ikkje etter 1880-åra.

150. Man som köyrde sat oppå kjerra framfor kista, serleg når det var langt til kyrkja og langt mellom gardane.

150. Ein i slekta eller ein på garden köyrde liket, ikkje nokon i syrgjehuset. Sidan (1920) köyrde gjerne ein i huset.

153. Der dei ikkje hadde köyreveg, hadde dei ei bære for to hestar. Ho hadde skjeker i begge endane. Såleis gjekk den eine hsten före og den andre etter kista som stod på bære.

154. -Sjå nr. 100- 107.

156. Dei som bar kista ut og sette henne på kjerra, lyfte henne av att.

159. Dei same bar henne inn på kyrkjegarden.

161. Presten mötte aldri fram til kyrkja i gravferda.

162. Me trur ikkje dei bar kista rundt kyrkja eller grava.

163. Dei bar henne aldri inn i kyrkja, det er berre dei siste åra dei har teke til med det.

164. Songaren gjekk före og song med' dei gjekk inn

NORSK ETNOLOGISK GRANSKING

etter kyrkjegarden. Han tok til å syngja med same dei kom inn gjennom porten.

166. Om dei ringde når dei grov over kista veit me ikkje, men dei ringjer i allfall no når dei ber kista til grava og etter dei er ferdige med jordpåkastinga.

187. I eldre tid, lenge før manns minne, grov dei sjølv grava når dei kom til kyrkja, og det vart til det at dei grov vel grundt, andre tider grov ein i slekta grava i förevegen. Så fekk dei fast gravar, det var visseleg före 1900. Ei tid grov han opp grava, men gravferdsfolka grov over att. No grev han òg over.

174. I eldre tid vart grava aldri pynta og stelt om. Summe la ei steinhelle på grava, sette opp ein jernkross eller ei tretavle med namn og årstal og "Kjært er dit minde" påskrive. Dette var serleg i 1860 - 90 åra.

175. No set dei minnestein på dei fleste gravene. Dei som har høve til det pyntar gravene med blomar, men det er ikkje noko bestemte dagar.

Særlege tilfelle.

176-179. Före midten av förre hundreåret vart sjölv-mordarane gravlagde i sine eigne klede utanfor kyrkjegarden. Raraste var det at folk som rende seg i hel på alme-ski vart rekna som sjölv-mordarar, så dei vart gravlagde utanfor. Ski av alm er svært håle. Mordarar vart au gravlagde i vanlege klede utanfor kyrkjemuren. Kring 1750 vart ein mordar Gard Vikesdal retta ved Bjerkreim kyrkje. Segna fortalde at han vart gravlagd i sine eigne klede utanfor kyrkjegarden. Ved hundreårskiftet fann dei grava hans (Eller ein annan mordar) utanfor muren. Då låg han i ein tjukk brun vadmåls-

frakke. - Sidan fekk mordarane kvila innanfor kyrkje-
muren, men dei vart ~~berre~~ ikkje borne inn gjennom por-
ten, men lyfta over muren.

181. Lik av dødfött barn vart sett nedi grava saman
med eit anna lik. Sume born vart gjerne lagt i armen åt
ei eldre kvinna i slekta når det hövde såleis.

182. Før sa dei gravöl, nå seier dei likferd eller be-
gravelse.

183. Det var gjerne kona i huset som bad til likferd.

184- 187. Dei hadde ikkje noko sers högtideleg sermoni.
Dei sende bod til slektningane som budde lenger borte
når dei treftest i byen eller ved kyrkja kva dag lik-
ferda skulle vera.

188. Budde dei langt borte, gjerne i andre herad, sende
dei brev.

190. Likferda varde ein dag. Dei som hadde lang veg,
kom kvelden före.

191. Likferdsdagen var det 4 måltid: Morgonsmat, mat
före dei reiste til kyrkja, etter dei kom att og til
kvelds. Dei hadde ikkje middagsmat. ³⁾

192. Det var ikkje noko sers mat som ikkje skulle etast.

193. Heller ikkje noko skil om den döde var gift eller
ikkje.

194. Det var nettopp kvinnene i huset som hadde arbei-
det med matstellet. Dei leigde ei kona til koka, men
dei hadde ikkje leigde oppvarningsdamer.

195. Berre dei som var med i likferda, let arbeidet
vera den dagen.

196. Gjestene hadde med seg reitla når dei kom, den var
lik reitla til bryllaup, men noko mindre. Konene på

³⁾ Side 13 : Tillegg 191.

NORSK ETNOLOGISK GRANSKING


garden kom med reitla kvelden i förevegen.

202. I midten av förre hundreåret og tidligare var det ei fæl drikking ved gravferda. Herder segner om slagsmål og drap i likferda. Dei miste kista etter vegen og ikkje sansa det, dei song renneviser på kyrkjegarden. Liket hadde dei helme i 14 dagar for å få ölet ferdig til gravferda. I 1880-åra var det slutt med drikking i likferda.

203. Summe sender no søte kaker i staden for gamaldags reitla. Kransen löyser ikkje av matsendinga.

205. Den fyrste kransen me veit om var i kring 1877. Ei ung kone på Hetland döyde og ei syster på Melvik kom då med ein krans. Det var ein kvit kross med ein blomekrans over.

På krossen stod det skrive: "Farvel kjære söster Inger Mortensdattar. Kjært er dit minde." Litt til



kvart vart det brukt kransar. Etter likferda hengde dei kransen på veggjen i bua. Der hekk dei mange år. Når det leid på hekk det hjå sume fleire kransar i bua etter fleire likferd.

206. Desse kransane var kjøpte.

207. No er det heller overdrive med kransar og sløyfer. I allfall i 1910-20 åra brukte dei sløyfer med påskrift på og gjer det enno.

208. No let dei fleste kransane fylgja med ned i grava, berre 2-3 vert lagt oppå grava etter på, der dei ligg til dei visnar og fælmar i fargen.

209. Kransane vert ikkje göymde heime.

210. No då likferdshögtida er i kyrkja, får dei ikkje ~~mat för etter gravferda.~~

mat før etter gravferda. Då samlast dei anten heime eller i eit forsamlingshus, der dei får smørbröd og kaker.

Sume har to måltider, kjøt-middag og smørbrödmatt.

Alkohol vert aldri brukt.

212. Kring 1910 tok dei til å avertere dödsfall i avisene.

Tillegg.

1. Merke på dödsfall: Når åkeren hadde lagt seg så mykje så stort som ei likkista skulle ein i huset döy det året. Når to strå låg i kross på golvet, var ein feig.

191. Dei som skulle til kyrkja med liket åt før dei for, og så åt kvinnene og borna etter på mannfolka var reiste.

41. Men for lenge sidan vart liket lagd i kista fullt påkledd i kykjekleda sine.

51. Tidlegare hadde dei likskjurta og liklakenet liggjande ferdig.